

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Nedstrand

Emne: Helsing, fakter og åtfærd Bygdelag.

Oppskr. av: Tore Sandsgård

Gard: Sandsgaard

(adresse): Nedstrand

G.nr. 50 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Har og tala med eldre folk.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1 Eit lite bukk når ein segjer ja og eit lite rist på hovudet når dei sa *ja. nei.*

2 Det er ikkje vanlegt at ein helser på ukjende folk ein möter, men fyre 90 åri var det vanlegt.

3 Ein skulde helsa fyrst om ein mötte eldre folk enn ein sjölv likeeins når ein mann mötte ei kvinna og folk som ein tykte stod over ein t.d. embetsfolk, lærarar o.l..

4 - 5 Ja. Når ein mötte desse som ein tykte stod over ein letta ein på hatten eller huva og sa ikkje noko. Kvinnerne bukka og borni neia, ~~når ~~xxxxxxx~~~~ når vanlege bygdefolk möttest sa dei berre gomårn, goddag eller gokvell etter kva tid det var på dagen.

~~xxxxxxx~~

6 Har ikkje høyrt at nokon har helsa på denne måten.

7 Nei eg har ikkje høyrt ~~xxx~~ noko om det.

8 Når dei budde utan om skulekrinsen eller så langt borte at dei skjeldan såg einannan. Når ein råkast med kyrkja eller i lag helste ein gjerne på folk frå same krinsen og. Det var handhelsing når ein ynskja einannan til lukke med noko eller ein ynskte god jul, godt nyår o.a. Ein ~~xxxx~~ handhelsa på dei minste borni og.

- 9 Det kunne henda at sume klappa einannan på åksli når dei ville gjeva uttrykk for venskap eller glede.
- 10 Har ikkje høyrt noko om at korkje kvinner eller gjorde noko i dette høve.
- 11 Såg ikkje at folk syntte noko om dei mötte eit gravfylgje eller brurefylgje. I dei siste 40 åri har det vorte skikk at menn som möter eit gravfygje tek av seg haten medan gravfylgjet dreg framom.
- 12 Nei det er det ikkje nokor segner om.
- 13 Fyre kl, 9 sa dei gomårn, milom 9 og 18 var det godag, etter kl, 18 var det god kveld. Når ein skulle heim og leggja seg sa ein godnatt.
- 14 Ein tykkjer ikkje det er usömelegt ,men ein tykkjer ikkje det höver.
- 15 Ein svarar gjerne med det som höver med ~~den som~~ svarar tidi på dagen.
- 16 Her er det ikkje vorte vanleg å bruka gomårn heile dögret.
- 17 Ein bruka helsa med: Signe arbeidet. Signe strevet. Signe kvile. Signe laget. og Signe maten. Guds fred trur eg ikkje vart så mykje nytta. Når ein kom til folk som sat og åt sa ein ofte: Velbekome.
- 18 Veit ikkje noko om det.
- 19 Han vil helsa på dei han ikkje har helsa på fyrr.
- 20 Når det kom framande og ville tala med husfaren kom han ut og den framande kom då fram med det han ville, men var det ein god kjenning vart han beden inn med ein gong og kom ikkje fram med det han ville fyrr dei hadde prata frå seg om andre ting.
- 21 Jå.
- 22 Dei svara: Kom inn eller: Ver så god eller: Ver så god kom inn.

23 Ja han skulle helst det.

24 Han skulle ta hatten av straks han kom inn i stova ~~sliar~~  
eller kjøkenet.

25 Ver så god sitt ned.

26 Var det folk ein ville gjera vyrdnad på reiste  
ein seg når dei kom inn og sa: Ver så god sit innar.

27 Var det heilt framande folk som kom til gards  
handhelsa ein dei ikkje utan dei kom med handi sjölv.

28 Ja. Var det kjenningar som ein ikkje hadde sett  
på lenge handhelsa ein dei. Eg har sett at dei har  
turka av stolen fyrr dei sette fram stol til den fra-  
mande men eg trur det var i daglegstova <sup>der</sup> der var ungar  
som husmori var redd kunne ha sölt på stolen.

29 Ein sa berre: Velkomen, og helsa i handi, hadde  
ein vore saman med dei på noko særst sist ein såg dei,  
sa ein og :Takk for sist.

30 Ein sa: Far vel og det vart svara: Far vel.

31 For ei lang reis handhelsa ein og sa: Far vel  
og god tur, og velkomen att.

Var det truleg for siste gong stod ein legge og riste  
einannan i handi sa : Farvel og takk for denne gongen.

32 Eg trur ikkje det har vore skikk .

33 Det kunne vera born og foreldre.

34 Nei.

35 Nei det har eg ikkje höyrt.

36 - 37 Nei.

38 Gjev han (heller ho) ein kyss.

39 Ja. Ein kalla det å byta nase.

40 Det kunne vera besteforeldrene, foreldri, systkin,  
onklar og tanter.

41 Ja. Dei sette då tomålfingren milom desse fingra-

ne og sa: Nå tok eg nasen din her erhan og synte fram tomåltotten milom fingrane.

42 Det kunne nok henda, men eg veit ikkje om at dei kalla det for noko.

43 Det var berre milom vaksne og born og milom foreldre og barn.

44 Ein sa: Til lukke med dagen, når det var åremålsdag, bryllupsdag o.l. og så sa ein: Til lukke med arbeidet. Ein bruka og å segja: Gratulera med dagen, og var det barnedåp eller konfirmasjon sa ein berre:

Gratulerar. Ein mann fortalde at dei sa: Til lukke med pakten, når dei ynskte ein konfirmant <sup>til lukke</sup>

45 God jol, Godt nyår. God Påske. God pinsti.

Til barnefødsel, truloving og bryllupp sa dei anten Til lukke eller Gratulerar

46 Under dødsfall og motgang handhelsa ein, men sa ikkje stort. I dei seinare åri har mange teke til å segja, kondolera utan å helsa i neven, ifall det var folk som ein ofte råka på.

47 Ein sa berre, takk.

48 Like til dei fyrste åri i dette hundreåret var det vanleg at det var kjömeister (kjögemeister) som tok mot folket som kom til gravferdshuset, nevehelsa dei og ynskte dei velkomen og fekk dei til bords, han bad og folket attende til heimen til mat, ofte middag. To mann var bedne fyreåt til å syngja i gravferdi. Det var menn som var gode til å syngja. Desse song vanleg i alle gravferdene i skulekrinsen. Når kista vart boren or huset gjekk songarene fyre og song, dei köyrde og fyrst i gravfyljet.

Når nokon var död vart skyldfolk, grannar og vener bedne til gravferdi. Det var gjerne ein av grannarne

~~he~~ xxx som gjekk og bad inn til gravferdi. Var det ein mann som var död var det ein mann som gjekk, var det ei kvinna, så var det ei kvinna som bad. Nar dei kom inn i huset sa dei at dei skulle helsa frå ( dei sa då namnet på dei som dei skulle beda for, dei næraste av avlidne sine skyldfolk) og beda anten heile huslyden eller gjerne berre mann og kona vera gilde å koma og fylgja avlidne til gravi og om dei ville koma kl. 11. Det var vanleg mötetid av det at dei skulle ha mat fyrr dei dro til kyrkjegarden. Fyre århudreskiftet var det vanleg<sup>at ein hadde med seg</sup> når ein skulle i gravferd, men så vart bedare<sup>ane</sup> pålagde at dei skulle segja når dei bad at det var utan "bekosning". Når gravfylgjet drog gjenom bygdi song songarene eit salmevers for kvæ gard, var det tettbyggt song dei i eit.

~~Fx~~ I fyrstningi av dette århundre var det slutt med denne måten å beda til gravferd på, og det vart bede i bladi. Nå er det meir og meir vorte til at gravferdi er frå kyrkja og då vert berre dei næraste bedne heim til middag. I denne gamle tidi når dei bad til gravferd vart folket verande utover kvelden og fekk fleire gonger mat, då vart kvar einskild takka i neven for dei kom av kjögemeister og dei næraste til avlidne.

Nå når gravferdi er frå kyrkja takkar ein av dei næraste for at fylgjet var så gilde og fylgde avlidne til gravi. Eg har ikkje höyrt noko namn på denne talen.

49 Ein bles ut i lufti, eller ein sputta bak om seg og sa: Tvi.

50 Nå segjer mest alle folk "du" til einannan.

Ein segjer "De" til framande eldre folk som ein vil syna vyrdnad. "i" og "jer" kunne ein höyra eldre folk

Da fyre århundreskiftet og då til gamle folk.

51 Ein og annan av dei eldre segjer ennå "han" eller "ho" til presten og frua t.d..

I den gamle tidi som eg har nemnt skulle ein segja "dokke" til arbeidsgjevaren, besteforeldre og foreldre, nå er dette slutt, men det var mange ungdomar som kalla far og mor for gamlingen og gamlå når dei tala om dei. Dette siste kan ein ennå høyra av ungdomar som vil kjekka seg. Besteforeldri vart ofte kalla for "bessen" og "bestå".